



Dato: 03.07.2018  
Arkivref: 2011/1630-17444/2018 / 503

Saksbehandlar: Elisabeth Gjerde  
53423154  
elisabeth.gjerde@bomlo.kommune.no

Sak nr i møte	Utval	Møtedato
	Utval for areal og samferdsel	05.09.2018

## RETTING AV TEKNISK FEIL I KOMMUNEPLANKART

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Arealdelen til gjeldande kommuneplan skal kartteknisk rettast opp for gnr.84 bnr.13, 42, 54 og bnr. 55, Mækjebakken i samsvar med vedlagt kartutsnitt datert 05.09.18.

### Dokument i saka:

1. Arealdel av kommuneplan av 2006
2. Arealdel av kommuneplan av 2013
3. Vedtak i Utval for areal og samferdsel den 31.08.11.

### Bakgrunn for saka:

Bømlo kommunestyre vedtok kommuneplanen for Bømlo 2013-2025 i sak 13/13 den 18.03.2013. Akvator AS vart leigd til å produsere plankartet.

Ved revisjon av kommuneplan i 2013 vart det gjort endringar på diverse eigedomar utan at det låg føre innspel frå grunneigar og utan at dei vart særskilt varsla om dette. Utvalet trefte difor i møte den 31.08.2011 følgjande vedtak om område som skal bevare status:

*Ingen område som i noverande plan som er definert som rorbu skal endrast til naust eller LNF utan at grunneigar har søkt om endring.*

*Ingen område som i noverande plan som er definert som fritid skal endrast til LNF utan at grunneigar har søkt om endring.*

*Ingen område som i noverande plan som er definert som naust skal endrast til LNF utan at grunneigar har søkt om endring.*

*Ingen område som i noverande plan som er definert som bustadområde skal endrast til LNF utan at grunneigar har søkt om endring.*


Dette vedtaket medførte i ettertid fleire administrative rettingar i plankartet. Det har no gått fleire år sidan kommuneplanen vart gjort gjeldande, men det dukkar med jamne mellomrom framleis opp nokre produksjonstekniske feil i plankartet. Dette gjeld feil i høve til tilbakeføringar som vist til ovanføre, men også direkte utegløymingar av arealføremål frå gamal plan til ny plan eller andre karttekniske feil.

Fylkesmannen i Hordaland har tidlegare gjeve råd om at kommunen sjølv kan retta opp produksjonstekniske feil, men at planutvalet då bør orienterast om arbeidet. Slike feil har tidlegare


vore retta opp i utval for areal og samferdsel og seinast i møte den 28.02.2018. Området det no gjeld er på nordre side av Mækjebakkvatnet og involverer eigedomane gnr.84 bnr.3, 13, 54, 42 og bnr. 55.

Mindre areal på alle desse eigedomane låg som byggjeområde for fritidsbustader i kommuneplan av 2006, men er endra til LNF-område i kommuneplan av 2013.

Utsnitt kommuneplan av 2006:



Utsnitt kommuneplan 2013:



#### **Vurderingar:**

Ein bør rette opp direkte feil i plankartet. Dette av omsyn til eigarane av dei ulike eigedomane. Eventuelle framtidige tiltak kan bli vanskeleg og kostbare å få realisert dersom byggjetomt, som skulle vere avsett til byggjeføremål, ikkje kan nyttast.

Me tilrår at plankartet vert retta opp i samsvar med kommuneplan frå 2006.

#### **Økonomiske konsekvensar:**

Ingen, men feil i plankartet medfører t.d. at eigarane må søkja om dispensasjon ved byggesøknad, jamfør pbl §19-2.

#### **Miljømessige konsekvensar:**

Ingen

#### **Beredskap- og samfunnstryggleik:**


Ingen vurdering

#### **Folkehelse:**

Ingen vurdering

#### **Oppsummering og konklusjon:**

Rådmannen vil rå til at administrasjonen får fullmakt til å rette opp dei nemnde tekniske feila i plankartet i samsvar med vedlagte karts-kisse «Forslag til retting av kommuneplan 2013», datert 05.09.2018.



# Tilbakeførast til byggjeområde for fritid



Forslag til retting av feil i kommuneplan  
gnr.84 bnr.3, 13, 42, 54, 55  
Målestokk 1:1000  
Utval for areal og samferdsel 05.09.18